

## **Folkemøte 27.03.2025**

### **Møtte omlagt 80 personer.**

#### **1. Lag og foreningar presenterer seg.**

##### Grendautvalet

- Bindeledd mellom kommunen og bygda.
- Arrangerer julegrantenning og dugnad på stien.

##### Bondelaget

- Rekruttering til styret er ein utfordring
- Få aktive medlemmer i forhold til antall medlemmer
- Arrangerte Bondepub i vinter, godt oppmøte

##### FAU

- Vert nedlagt når skulen vert nedlagt
- Lite penger på bok, ca 5000 kr i skrivande stund.
- Har bidratt økonomisk til mange av leikeapparata på skulen.

##### Hauk 4H

- Ynskjer fleire medlemmer, er kun åtte medlemmer per dags dato.
- Vurderer samanslåing med Falken 4H i Vikedal.
- Mange kjekke aktiviteter gjennom året.
- Vanskelig å arrangere haustfest slik me kjenner den når berre 8 medlemmer.

##### Bygdahuset

- Økonomien har historisk vore god, men når leigeavtalen til kommunen opphører vert det meir spanande. Arbeider mot å få til ei løysing.

##### Bygdekvinnelaget

- Arrangerer turer og aktiviteter for bygdekvinnene.
- Ordnar til arrangement for heile bygda, mellom anna vikingdag og søndagmiddag på morsdagen.

#### **2. Diskusjon rundt borda 30 min om spørsmåla:**

1. Korleis få generasjonsskifte på gardane når eigne born ikkje ynskjer å overta?
2. Korleis ta vare på og styrke møteplassar for ungane i bygda, og gi dei tilhørighet?
3. Kva tenkjer me 17. mai i 2026
4. Ørevikvegen er i dårlig forfatning?
  - Parkering i begge endar av vegen?
  - Vegen er Statens Vegvesen sin og kommunen har ansvaret for den.
5. Friluftsområde i Kvaløy til nedfalls?
  - Friluftsrådet har vore på befarung.

6. Kva ynskjer me at Imsland Bygdahus skal vere i framtida? Kva anna bruke huset til?
7. Innspel til bygdekvinnelaget?

### 3. Arealplanen til kommunen, høyringsfrist 22. april.

To deler i arealplanen.

- Samfunnsdel som er eit langt tekstdokument
- Arealplanen som er eit kart som skal vise kor det skal være forskjellig type aktivitet.
- Alle dokumentene ligg på Vindafjord kommune sine nettsider.
- Viktige punkter er næringsareal i Ølmedal som flyttes, områder tidlegare regulert for bustad er krympa og «husklynger» er eit nytt begrep som gjer det noko enklare å bygge der det er regulert for bustad.
- Alle som ynskjer oppfordres til å gi høyringssvar.
  
- Hugse at skuleområdet må omregulerast om dette skal brukast til noko anna enn i dag. Kostnadane er store og saksgong er om lag eit år.
  
- **Trafikksikringsplan**, gje innspel innen 7. april
  - Trafikksikringsplanen legges ut på Imsland.info i etterkant av møtet.
  - Gi innspel om du har noko du vil ha med.

Kommentarar og innspel frå salen:

- Salen er delt i spørsmålet om det er ein god ide å flytte leikeplassen til området utføre Bygdahuset eller om det er lurt å beholde leikeplassen der den er i dag.
- Spørsmål om kva som skjer med skulebygget om kommunen fortsatt skal ha ansvar for det etter skulen er lagt ned.
- Innspel om at ein kan nytte skuleområdet til eldrebustader, kurscenter, bustader, næring
- Tanker om, om leiligheter på skuletomta kan få folk til på flytte til Imsland?
- Meininger om at det er passivt å akseptera at ein tek vekk alle tomtene som nå ligg i planen. Spesielt i området oppføre byggefeltet.
- Skuleplassen har to bruksnummer. Forslag om å skille i frå det eine og gjere skuleplassen endå meir attraktiv og kjekk for folk å oppholde seg på.
- Tankar om helse, trivsel og læring på skuleområde. Utleige av rom? Helgekurs? Malekurs? Qigong? Eit koselig, lunt hus med masse aktiviteter.
- Tips om at det er lurt å gjere ein ting om gangen, i første omgang bør ein gjerne konsentrere seg om Bygdahuset og økonomien der?
- Selge skulehuset og skuleområdet?
- Mange ynskjer at ein skal forsøke å opprettholde 17. mai-feiring, men det presiseres at det krever at folk stiller på dugnad.
- Ynskje om at det skal vere høve å setje frå seg bilen på ein ryddig måte i begge endar av Øreviksvegen.

Tanker om området rundt nedlagt bensinstasjon:

- Rasteplass?
- Ladestasjoner for store og små bilar?
- Toalettfasiliteter/dusjfasiliteter?
- Truckstop?

Tanker om området rundt Bygdahuset

- Parkeringsplass på oppsida av Bygdahuset.
- Stenge vegen gjennom «sentrum» slik at heile området på oppsida av Bygdahuset kan brukes til parkering og området på nedsida kan brukast til andre føremål.

Leiar i Grendautvalet skal ha møte med kommunedirektøren 30. april for å diskutere etterbruk av skulen og området rundt Bygdahuset.

Tanker rundt vegen ned til Kyrkja:

- Vegen er svært gamal og det er så smått tankar rundt dette også.

#### **4. Innspel på spørsmål:**

Salen fekk tid å diskutere 10 spørsmål under, svar var skrive på ark og samla inn, nokre svar vart gitt muntleg:

1. Kva er me gode på i bygda og kva kan me frå før?
  - Hyggelige og imøtekommande
  - Dugnad
2. Kva vil me bruka Bygdahuset til?
  - Storskjerm
  - Gaming
  - Flytte grillplassen eller lage ny i nærleiken av Bygdahuset eller stien.
  - Lyst å få til god aktivitet på loftsrommet.
  - Ha ein stad kor ungdommar kan samlast
  - Invitere klasser frå Vikedal ein gang i året – omvisning, baking etc på bygdahuset
3. Korleis kan me berge økonomien til Bygdahuset etter 2025?
  - Ynskjer å fortsette med inntektene som er i dag, ca 183 000 kr frå kommunen.
  - Ynskjer å få avtale for ein del år fram i tid, slik at ein slepp å søkje om pengar om og om igjen.
  - Bubilparkering som inntekt til Bygdahuset?
  - Bruke Havbruksfondet som argument i saka om økonomien til Bygdahuset.

- Søke om tilskudd
  - Meir utleige av Bygdahuset til dåp, konfirmasjonar etc.
  - 17. mai, pub osv. må fortsetje om ein klarer det.
  - Forsøke gathering i Imsland?
4. Kan me bli betre på dugnad?
- Fleire lag kan gå saman om dugnad og dele på inntektene ved arrangementer. For eksempel Bygdahuset har regien og andre lag bistår?
5. Kan samarbeidet mellom Vikedal og Imsland bli betre?
- F. eks vakter på pub etc kan gå litt på rundgang?
  - Aktiviteter kan fordelast i bygdene, f eks bytte på all-idretten som er begge plassar?
6. Kan samarbeidet mellom laga i Imsland bli betre?
- Det er i 2025 kome i stand avtale om samarbeidsmøter mellom laga i Imsland, i første omgang 4 gonger i året.
7. Skuleplassen, leikeplassen, skulebygget – kva ynskjer me?
- Ønsker ikkje at kommunen skal gi bygget til bygda
  - Salen er delt i spørsmålet om ballbinge og leikeplass bør flyttast opp til Bygdahuset eller ikkje.
  - Sel ein skulen, brenn ein alle bruer med tanke på eventuell Montessoriskole i Imsland.
  - Andelshage, kolonihage kan vere ein ide?
  - Leiligheter
8. Kva tenkjer me rundt arealplanen, kva bør inn i arealplanen?
- Tomtene ved Imslandssjøen er tatt vekk litt av og omgjort til LNF, bør vere like stort område som tidlegare.
  - Fleire område til husklynger manglar i Imsland, kom gjerne med innspel til kor kommunen kan legge fleire husklyngetomter.
  - Dei bustadtomtene som ligg i kommuneplanen i dag, har vore i 25 år, og det er på høg at grunneigarar tenkjer igjennom kor dei eventuelt kan vere villige til å opne for husklynger.
9. Kommunen har satt av 10 millionar til bustadbygging, skal Imsland engasjera seg i dette?
10. Kva skal til for å få unge til å busette seg i bygda?
- Framsnakke bygda enda meir
  - Opparbeidde tomter er viktig
  - Kan aqua-næringa opparbeide tomter i Imsland?

